





KI-notat nr.: 59/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Gjesdal Kraftverk AS - søknad om løyve bygging av Gjesdal II minikraftverk i Gjesdalselva	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Jølster	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Katarina Eftevand	for Sign.: 
Dato:	25 JUN 2009	
Vår ref.:	NVE 200900906-8 rv/ias	
Sendes til:	Søkjar og alle som har uttalt seg til saka	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Gjesdal kraftverk AS - Søknad om løyve til bygging av Gjesdal II minikraftverk i Gjesdalselva i Jølster kommune

Innhald

Søknad	1
Høyring og distriktshandsaming	2
Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane	4
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	4
NVE si vurdering	4
NVE sin konklusjon	5
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova	6

Søknad

NVE har i brev av 16.02.2009 motteke ei melding frå Gjesdal kraftverk AS med ynskje om å få gjort ei konsesjonspliktvrdering etter vassressurslova § 18 for bygging av Gjesdal II minikraftverk i Gjesdalselva. Saka gjeld bygging av eit kraftverk som skal utnytte deler av vassføringa på ei strekning der NVE har gjeve løyve den 25.03.2008 til bygging av Gjesdal I kraftverk

Saka har vore på høyring hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Jølster kommune.

Etter avklaring med søkjar legg NVE opp til at det i denne saka vert fatta vedtak etter § 8 i vassressurslova. NVE meiner dette er mest rett, både fordi det er snakk om å utnytte ei pålagt minstevassføring, og også fordi kraftverket skal ha til dels felles røytrase og liggje i same kraftstasjonsbygning som Gjesdal I. NVE vil sjå det som lite hensiktsmessig når vi i ei eventuell byggjefase ikkje kan følge opp den delen av anlegget som gjeld Gjesdal II, sjølv om dette kraftverket i stor grad vert bygd som eit felles anlegg med Gjesdal I. Dette vil òg gjelde for ev. seinare kontroll i ei driftsfase.

Vurderingsgrunnlaget er både søknaden om utbygging av Gjesdal I med brei sakshandsaming av den søknaden, inkludert høyring, og denne meldinga/søknaden for Gjesdal II kraftverk og fråsegner frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Jølster kommune. Kraftverket vil liggje på nedre del av den strekkja som vert utnytta i Gjesdal I kraftverk, slik at alle problemstillingar knyta til denne saka, etter vår meining, er tilstrekkeleg opplyst gjennom ei slik handsaming.

Det er NVE si vurdering at saka såleis er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan gjere vedtak etter vassressurslova utan ytterlegare handsaming, jf. vassressurslova § 22, 2. ledd, post a).

Frå meldinga for Gjesdal II minikraftverk gjev vi attende følgjande hovuddata for prosjektet:

<i>Nedbørfelt</i>	<i>km²</i>	25,2
<i>Middelvassføring ved inntaket</i>	<i>l/s</i>	2100
<i>Slukeevne maks</i>	<i>l/s</i>	1600
<i>Slukeevne, min</i>	<i>l/s</i>	480
<i>Alminneleg lågvassføring</i>	<i>l/s</i>	100
<i>Planlagt minstevassføring</i>	<i>l/s</i>	100
<i>Rørleidning</i>	<i>m</i>	580
<i>Inntak</i>	<i>moh</i>	280
<i>Avløp</i>	<i>moh</i>	235
<i>Brutto fallhøgde</i>	<i>m</i>	45
<i>Maksimal yting</i>	<i>kW</i>	570
<i>Driftstid</i>	<i>timer/år</i>	3672
<i>Midlare årsproduksjon</i>	<i>GWh/år</i>	2,1

Høyring og distriktshandsaming

Meldinga vart oversendt Jølster kommune og fylkesmannen i Sogn og Fjordane for uttale. NVE har motteke følgjande uttalar til søknaden:

Jølster kommune i brev datert 27.04.2009:

"Melding om planar for bygging av Gjesdal II kraftverk

Planstatus for det aktuelle området er LNF — Landbruk, natur og fritid i Kommuneplanen for Jølster Kommune. Kommunen veit på dette tidspunktet ikkje om andre faktiske tilhøve som kan få verknad for gjennomføring av prosjektet."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i brev av 22.04.2009 gjeve slik fråsegn:

"Gjesdal kraft fikk løyve til bygging av Gjesdal kraftverk (Gjesdal I) 23.03.2008. Dette kraftverket vil nytte fallet mellom kote 385 og 235. Mellom inntaket og kraftverket ligg Gjesdalsfossen som er eit viktig landskapselement i Jølster. På grunn av fossen fekk Gjesdal kraftverk pålagt ei minstevassføring på 1,5 m³/s i sommarsesongen frå 1. mai til 30. september. Det vert no søkt om konsesjonsfritak for eit nytt kraftverk med inntak under den visuelle delen av fossen på kote 280, med felles røyrгатetrase med Gjesdal I frå kote 260 og ned til eit felles kraftverk på kote 235. Kraftverket får ein installasjon på 570 kW og maks slukeevne er planlagt til 1,6 m³/s. Røyrгата vert 580 m. Det er rekna med ein middels årsproduksjon på 2,1 GWh. Utbygginga er meldt med minstevassføring på 100 l/s som tilsvarar alminneleg lågvassføring."

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere denne saka i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderer vi saka i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Landskap og biologisk mangfald

Gjesdalsfossen er eit viktig landskapselement og det er av den grunn sett ei relativt høg minstevassføring for Gjesdal kraftverk. Ved bygging av Gjesdal II må inntaket ikkje leggjast heilt opp i fossen slik at verdien av fossen vert ytterlegare redusert. Fylkesmannen har ikkje synfare inntaksområdet for Gjesdal II og ber NVE vurdere dette. For å ta vare på landskap og naturmiljø i inntaksområdet bør utbyggjar leggje stor vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at dei skjemmer minst mogeleg i landskapet. Vi vil tilrå at det vert nytta mest mogeleg naturstein i/ved inntaksdammen i staden for reine betongkonstruksjonar. Dersom inntaket ikkje påverkar inntrykket av Gjesdalsfossen vurderer vi tiltaket som akseptabelt med tanke på allmenne interesser.

Ved inntaket er elva delt av ei øy, søkjar angir at anslagsvis 90-95 % av vatnet renn i det austlege laupet. Inntaket er planlagt i det austlege laupet og restvassføringa må sleppast frå inntaksdammen i dette laupet. Det vestlege laupet vil fungere som flaumlaup.

I fråsegna er det lagt vekt på at utbygginga av Gjesdal II ikkje skal påverke inntrykket av Gjesdalsfossen. Det er vidare i fråsegna vurdert slik at tiltaket er akseptabelt i høve til verknader for fisk og ureining. Det er elles ikkje knytt spesielle friluftsiinteresser til området, og det er ikkje registrerte verdifulle eller sjeldne naturtypar i nærområdet.

Fisk og fiske

Det er innlandsaure i Gjesdalselva, men dei viktigaste områda for auren ligg nedanfor strekninga som vert påverka av utbygginga. Auren vandrar frå Jølstravatnet og opp til oppgangshindrande foss om lag 450 meter frå Jølstravatnet. Kraftstasjonen vert liggjande omlag 100 meter ovanfor oppgangshinderet og dei viktigaste gyte- og oppvekstområde for fisk blir teke vare på. Det er små fiskeinteresser på strekninga frå inntak og ned til kraftstasjonen. Denne strekninga har truleg marginal verdi som gyte- og oppvekstområde for fisk. For fiskeinteressene synast tiltaket dermed å få små konsekvensar.

Ureinig og støv

Det er ikkje venta at vasskvaliteten vil endre seg på grunn av vassuttaket. Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Innanfor ein radius på 400 meter ligg det fleire hus og ein barneskule. Det bør leggjast stor vekt på støydempende tiltak knytt til ny kraftstasjonen. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v. tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulemper som følgjer av tiltaket.

Landbruk

Utbygginga har truleg små negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding

Dersom inntaket ikkje påverkar inntrykket av Gjesdalsfossen vurderer Fylkesmannen at denne utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser, jf § 8 i vassressurslova. Fylkesmannen vurderar også at tiltaket kan akseptast i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova.

Fylkesmannen føreset då at det vert laga eit arrangement som sikrar minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring og som ikkje er sårbart for tilfeldige hendingar som gjer at det tettar seg eller på anna måte ikkje fungerer som føresett. Ved ev. utbygging må det leggjast vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova. Vi vurderer elles at Fylkesmannen ikkje treng å gje fråsegn i saka når kommunen handsamar den i høve til planstatus for området, men vi vil gjerne ha kopi av ev. vedtak."

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Grunna innhaldet i høyringsfråsegnene er ikkje desse lagt fram for søkjar for ytterlegare kommentar.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

Grunneigaren Kjartan Håland står ansvarleg for utbygginga. Heile tiltaket er planlagt på han sin eigedom og vil vere med på å styrke inntektsgrunnlaget for garden.

Om søknaden

Gjesdal Kraftverk AS planleggjar å byggje eit elvekraftverk i nedre del av Gjesdalselva. Inntaket skal plasserast på kote 280. Det 580 m lange tilløpsrøyret vil bli lagt i felles grøftetrasé med Gjesdal I på vestsida av elva ned til felles kraftstasjon på kote 235, om lag 100 meter ovafor der eit naturleg sprang i elva stoppar fisk på oppvandring frå Jølstravatnet.

Utbyggingsområde ligg på sør og vestsida av Jølstravatnet. Gjesdalselva renn frå Gjesdalsvatnet (764 moh) i variert terreng mot busetnad i Gjesdalen. Den nedre del av området Gjesdalselva renn gjennom er påverka av infrastruktur i form av landbruksareal, vegar og kraftlinjer.

Gjesdal II vil få ein installert maksimal effekt 570 kW med ei største slukeevne på 1,6 m³/s. Minste driftsvassføring er oppgitt til 0,48 m³/s. Med ei utnytta fallhøgde på 45 m vil midlare årsproduksjon verte 2,1 GWh. Kraftstasjonen vil bli tilknyta eksisterande 22 kV fordelingsnett ved trafo Øvre Gjesdal med en 230 meter lang jordkabel.

Infrastrukturplanlegging elles blir i hovudsak som for Gjesdal I.

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring på 0,1 m³/s forbi inntaket heile året.

NVE si vurdering

Det vart søkt om løyve til å bygge kraftverk i Gjesdalselva i 2005. Konsesjon til bygging av Gjesdal I kraftverk vart gitt 25.03.2008 med vilkår om minstevassføring på 1,5 m³/s i perioden frå 1.mai til 30.september og 100 l/s resten av året. Den relativt høge minstevassføringa om sommaren vart sett av omsyn til å ivareta landskapsopplevinga knyta til Gjesdalsfossen.

Vi refererer her frå NVE sitt KI-notat nr 13/2008, Bakgrunn for vedtak, datert 25.03.2008 :

”...NVE er av den oppfatning at det i perioden 1. mai - 30. september må slippes 1,5 m³/s som minstevannføring forbi inntaket i Gjesdalselva. Resten av året vurderes 0,1 m³/s å være en tilstrekkelig minstevannføring. NVE mener at dette regimet for slipp av minstevannføring, sammen med overløp og litt lokaltilsig på inngrepstrekningen, vil ivareta den landskapmessige kvaliteten til Gjesdalsfossen i tilstrekkelig grad og sikre de viktigste biologiske funksjonene i elva...”

Gjesdal II er planlagt med inntak på kote 280, ca 20 m under den synlege delen av Gjesdalsfossen. Vassvegen vert etablert parallelt med vassvegen for Gjesdal I og dei landskapsmessige inngrepa blir såleis sterkt avgrensa. Kraftstasjonsbygget vert felles for begge anlegga.

Etter NVE sin meining vil utvidinga av inngrepa i terrenget bli lite endra i høve til utbygginga av Gjesdal I. Rørtraseen vil krevje noko meir areal på strekninga mellom kraftstasjonen og inntaket for Gjesdal II. Plasseringa av inntaket for anlegget vert ikkje synleg utover det som er det heilt nære området ved inntaket.

Bygging av Gjesdal II minikraftverk vil medføre at vassføringa på utbyggingsstrekninga vert vesentleg redusert om sommaren då kraftverket vil nytte den minstevassføringa på 1,5 m³/s som vert sleppt forbi inntaket til Gjesdal I. Det vil likevel verte attende ei minstevassføring på 100 l/s som tilsvarar det som er pålagt Gjesdal I kraftverk resten av året.

På den aktuelle fallstrekkinga er elva lite synleg og etablering av inntaksdammen med anlegget elles vil etter vårt syn ikkje framstå med nemnande negative verknader for ålmenne interesser. NVE legg vekt på fylkesmannen si vurdering om at fiske har avgrensa verdi på elvestrekninga og legg til grunn at utbygginga ikkje vil medføre vesentlege negative verknader for fisk og fiske. I høyringa for Gjesdal I kraftverk kom det heller ikkje fram informasjon som tilseier at den delen av elva som ev. vert utnytta i Gjesdal II minikraftverk har særskilde verdiar.

Verknaden vil verte langt mindre merkbare i tida 1. oktober til 30. april. I denne tida vil kraftverket berre kunne gå når det er tilsig frå restfeltet og eventuelle overløp forbi inntaket i ein slik storleik at det når opp til den minste driftsvassføringa i kraftverket. NVE meiner at i vintersesongen vil ikkje tiltaket ha nemnande verknader for allmenne interesser.

Med inntaket vert plassert nedanfor den strekninga som er viktig for å ivareta Gjesdalsfossen som landskapselement meiner NVE at ein bygging av Gjesdal II minikraftverk vil små verknader for allmenne interesser så lenge det vert sleppt ei minstevassføring som omsøkt på 100 l/s heile året. Samstundes vil dette etter vår meining vere ei god løysing for å utnytte eit vassdragsavsnitt der det allereie er gjeve løyve til ei utbygging. Kraftverket vil gi ei auka ressursutnytting på om lag 2,1 GWh, og ha visse positive lokale ringverknader.

NVE sin konklusjon

NVE konkluderer med at fordelane ved utbygging av Gjesdal II kraftverk er større enn skader eller ulemper for private og allmenne interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Gjesdal kraftverk AS får difor, i medhald av § 8 i vassressurslova, løyve til å bygge ut Gjesdal II kraftverk slik der søkt om. Løyvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår. Vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Konsesjonsvilkåra er basert på standard konsesjonsvilkår for tiltak som gjeld kraftutbygging der NVE gir løyve etter vassressurslova § 8. Vi finn ikkje at der er grunn til å kommentere postar i vilkåra der det er brukt standardvilkår uendra.

Konsesjonen med vilkår som no vert gitt, erstattar konsesjonen frå 25.03.2008 for Gjesdal I kraftverk. Dei vilkåra som då vart fastsett for Gjesdal I er ført vidare i dette nye løyvet. Merknadene som er gjeve i det løyvet vil også gjelde for Gjesdal II minikraftverk så langt det passer.

Post 1: Slepping av minstevassføring

I søknaden er det foreslått å sleppe ei minstevassføring på 0,1 m³/s i gjennom heile året.

Dette tilsvavar omlag utrekna alminneleg lågvassføring ved inntaket. Med grunnlag i handsaming av søknaden for Gjesdal I og slik saka no er opplyst, finn NVE at det er grunnlag for å fastsette vilkår om at det skal sleppast ei minstevassføring forbi inntaket til Gjesdal II på 0,1 m³/s gjennom heile året.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold tilsyn m. v.

NVE skal godkjenne detaljplanane for utbygginga og aktuelle planar for mellom anna inntak, dam, vegar, røyrгатетрасé, massetak/deponi og bygging av kraftstasjon må sendast til NVE sitt regionkontor i Førde for godkjenning før arbeidet blir sett i gang. NVE vil føre tilsyn med utbygginga og sjå til at anlegget blir etablert og drifta i samsvar med krav etter vilkåra i løyvet.